

Hordaland Fylkeskommune
Samferdselsavdelinga
v/Gerd Eva Napsøy
Postboks 7900
5020 Bergen

Klage på vedtak av 11.06.16 på tildeling av drosjeløyve R-214 tilknytt Odda Taxilag AS

Eg, Evald Jåstad, ynskjer å klage på vedtaket om tildeling av drosjeløyve R-214 på grunn av at politiattesten var forsinka med meir enn 8 uker. Eg fekk attesten på digipost om kvelden den 12.01.16 og vidaresendte den om morgonen den 13.01.16. Politiattestane vert for tida forsinka då Politiet har hatt mykje å gjera på grunn av asylsøkjarene som kom inn i landet. Eg meiner difor at dette ikkje er godt nok grunnlag for å tildela den andre søkjaren dette løyvet. Eg har også mykje lengre ansiennitet enn ho. Eg har hatt taxiløyve i Odda Taxilag AS i 2 år tidlegare.

Eg har hatt kontakt med Samferdselsavdelinga i Bergen om at politiattesten kunne verta forsinka og det hadde dei forståing for.

Eg vil også bed om rettsleg hjelp av advokat dersom dette vedtaket vert ståande.

Kopi av dette vert sendt til Norges taxiforbund avd. Hordaland og Odda Taxilag AS.

Då dette er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova kan ein part påklaga vedtaket innan 3 veker. Eg meiner at de har plikt å orientera om framgangsmåten ved evt. Klage, dette vert ikkje gjort i dette tilfellet.

Jåstad, 14. januar 2016

Evald Jåstad
5777 Grimo
Tlf. 90746224